



Årseth Bjørn  
5911 Alversund

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8140 - 23/9277

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
01.02.2023

## Rapport etter kontroll av søknad om produksjonstilskot

Kommunen skal kontrollera at areal og kulturlandskapstilskot til jordbruksareal er i tråd med søknad og at vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet er oppfylt. Kontroll av produksjonstilskot er heimla i § 10 forskrift om produksjon.

- Utgangspunkt for kontroll er i tillegg til søknadsskjema og gardskart georeferert dronefilm frå 20.09.22 Det er dei areala i Alversund- Kvamme - Erstad som ligg innanfor filmområdet som har vorte kontrollert, dvs at det ikkje er kontrollert leigejord eller teigar som ligg utanfor det dronefilma området.

**Føretaket ditt er trekt ut for kontroll fordi ein ynskjer meir fokus på areal i drift og rett utfylling av søknad om produksjons- og avløysartilskot. Føremålet med kontrollen er at den skal virka skjerpande og rettleiande for føretaket.**

**Landbrukskontoret er klar over att den nedbørrike sommaren har gjort både slått, gjødsling, pussing og beiting vanskeleg mange stader. Mange areal på kan difor framstå å vera i dårlegare stand enn dei eigentleg e, på tidspunktet for filming.**

GBNR	Namn føretak	Driftsform	Dato
139/1	Bjørn Årseth	Sau	06.12.2022

Vanleg jordbruksproduksjon	Arealkontroll	Ja/Nei	Kommentarar
<b>Arealet er hausta/beita</b> - minimum 1 gong i vekstsesongen	- er det utført gjødsling, slått/beiting, jordarbeiding, -såing, plantevern el.l	ja	Arealet ser ut til å vera beita/beitepussa. Noko areal er slått.
<b>Drifta har næringsmessig preg og god agronomisk praksis</b> -Arealet skal ikkje skilja seg vesentleg frå området rundt	Framstår arealet som i drift/ stelt?	Ja	Arealet framstår som i drift og skil seg ikkje frå området rundt.  Noko høymole og sølvbuketuer på delar av arealet  På begge teigane er delar av beite bratt og kupert som gjer utfordrande med maskinell pussing
<b>Areal ute av drift</b> -er det noko areal ført som ute av drift på søknaden	Ser arealet ut som det ikkje har vorte slått/beita i vekstsesongen	Nei	Alt arealet ser ut til å vera brukt
<b>Miljøkrav – kulturlandskap</b>  Inngrep som t.d fjerning av steingardar, sprenging av åkerholmar m.m	Er det gjort inngrep som forringar kulturlandskapet ?	Nei	Ingen synlege inngrep
<b>Miljøkrav -vegetasjonssone</b> (normal hausting/skjøtsel er tillate)	Er det 2 meter vegetasjonssone til bekk, elv og vatn?	Ja	Grasdekt vegetasjonssone. Delar av vegetasjonssona er tresett, arealet ned mot vatnet ser ikkje ut til å ha vore gjødsla Tveitavatnet har god økologisk tilstand. Moderat tilstand vasskvalitet i radsundet brei ( ca 20 meter) Tresett vegetasjonssone mellom sjøen og beite
( vedlikehald av opne kanalar og grøftesystem er tillate)			

## Konklusjon


Arealet framstår som i drift. Det er positivt at bratt areal vert drive og det er eit fint kulturlandskap som strekk seg over fleire bruk. Bør ha fokus på ugraskamp mot høymole, lusing eller sprøyting før

frøsetting. Sølvbunke er ein sur-jordsplante og det kan vera fornuftig å sjekka pH ved å ta jordprøvar. Landbrukskontoret har utstyr for jordprøvar til utlån, og kan gje opplæring i prøvetaking.

Ut frå vurderingane av dronebilete finn kommunen at dei omsøkte areala er i tråd med vilkår om vanleg jordbruksproduksjon og miljøkrava om 2 meter vegetasjonssone mot vassdrag og forbod mot inngrep i kulturlandskapet

## Kart

Landbrukseiendom	Eier	Sone	Fulldyrket	Overflatedyrket	Innmarksbeite	Totalt disponert areal	
4631-139/1 <a href="#">Kart</a>	Bjørn Årseth	5B	3	8	32	43	<a href="#">Vis markslag</a>







Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
rådgjever

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Årseth Bjørn

5911 Alversund